1

Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Fylke: Møre & Romsdal

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hareid

Emne: Brynet

Bygdelag: Indre Hareidsdal

Oppskr. av: Lærar Kr. Holstad

Gard: Holstad

(adresse): Hareid

G.nr. 46 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, og nokre etter andre gamle folk.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1) Ja, bryne er det vanlege ord, og vi seier „å bryne". Men det sa ikkje ho mor, ho sa oftast å „kvetje". „Kom skal eg „kvetje" åt deg", sa ho. No høyrer eg aldri dette ordet meir brukt. Men i 1890 åra høyrde eg det jamt i slåtten. „Er han „kvatte" sa dei gamle når dei ville vita om ljåen var slipt.

Vi kallar aldri bryna for „hein". Ein hein var av eit finare stein=slag og vart oftast bruka berre til finare bitjarn og knivar. „Du må ta å „hennje" hönå enjgrand" sa ho mor når kniven ikkje beit.

Bryna var til grovare ting som ljå og øks. Heinen til finare slag.

Men dersom ein ikkje ville bry seg med sliping, då brukte ein brynet først for å få fram egga med „ro" og so tok ein heinen og straük vekk „roa". Stundom såg eg også dei gamle tok slirekniven og skar vekk „roa" på ljåen når dei var ferdug med slipinga.

8172

No vert det brûkt berre bryner
2). av kunststein her i bygdene.
Eg har innje sett bryner av natur-
stein i brûk på gardane på mange
år. Dette skiftet gjekk for seg i 1930-
40 åra. Naturleg brynestein finst
nok innje her i kring som nokon veit
om eller har brûkt. Det var altid ei
innførd vare. Kvar dei kom ifrå er
det ingen av dei gamle som no
lever som kan svara noko sikkert
på, men truleg var dei frå Trøndelag
ein stad. Frå Selbu eller Stjørdal.
Handelsmennene her i bygda kjøpte
dei på Trondheim, og selde dei til
bøndane. Men korleis bøndane fekk
tak i desse bryna i endå eldre tid
veit eg innjo. Her er ingen tradisjon
om det.

3.) Ja, oftast vert alle reidskap som
skal ha god egg slipt på ein rund
slipestein, då får ein god „ro" for
egga. Etterpå bryner ein vanleg „roa"
på grovare reidskap (öks og ljå) og
heiner til finare jarn. Men stundom
brûkar vi berre eit grovare bryne först
og so eit finare eller ein hein etterpå.

4.) Nei, dette er det ingen som veit
om. Har det nokor tid vore brûkt å
tynne ût egga med hamarer, so er
det so lenge sidan, at det har gått
heilt ût av folkeminnet. Men fiskarane
som har vore på Island sommars-
tida, dei fortel at dei har sett det
derborte.

8172

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5). Nei, nokon slik liggande stein
veit ikkje nokon om her i bygda, so dei
eg har snakka med.
Å ta ein liten slipestein (rund som
dei drog rundt med ås og sveiv) med seg
ut på slåtteteigar som låg langt
vekk frå tunet, det var vanleg bruks-
vis på mange gardar. Det hugsar eg
godt frå min barndom. Men det var
ikkje sjølve slipesteinen som stod i
tunet, men ein mindre stein dei
køyrde med seg ut i marka.
Kor gamal denne skikken er veit
eg ikkje. Eg såg det i 80–90 åra, men
ikkje no i seinare tid.
6.) Før vi fekk kunststeinbryna
måtte vi altid slipe ljåane ein
gong for ykta, altso 4 gonger for dag.
Eller kanskje berre 3 gonger etter som
arbeidsdagen var lang til. Men no,
når vi har desse syntetiske bryna,
då kan vi ofte slå både halve og
nesten heile dagen utan å slipa.
Vi tek egga opp berre med bryning, og
det greidde vi ikkje med dei gamle
bryna.
7.) Nei, det vanlege var at vi hadde
berre ein sort bryne før. Men no er
det på kunstbryna ofte slik, at eine
enden er av groot slag og andre enden
finare. Det vert då bruka først det grove,
og sidan det fine. Dette er særleg når
ein ikkje har tid å gå på slipesteinen
med ljåen. Men første gongen ein bryner
etter slipinga brukar ein finaste enden
av brynet.

8172

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Brynet av tre, eller brynet som er påstrid tjåre og sand kjennet vi innje til her. Men å stryka kniven på tre (ei fjøl eller liknande) har vore og vert stundom brukt. Ein annan ting er at dei før, i min barndom og seinare brukte å "skjefte bryna når dei vart små og mykje slitne. Då laga dei eit treskaft som dei skar ei kløft opp i, sette brynet opp i kløfta og röyrde til med snöre. (hyssing). Dei hadde innje råd til å kjöpa nye bryne för dei hadde nöytt dei gamle vel ut.

8.) För var ljåane aldrig slipte når vi kjöpte dei. Vi laut difor slipe dei heilt fram med egg sjölve, og det gjorde vi oftast för vi "skjefte dei og altid heldt vi egga mot oss. No i seinare tid er ljåane altid slipte når vi kjöper dei på butikkane, og då set vi dei på „orvet" med same. Og når ljåen först er sett på „orvet" tek vi han innje av når vi sliper. Det ville verte for mykje arbeid. Slik har det altid vore gjort her i bygda so langt attende som nokon veit, eller minnast. Festegreida er å röyre med tynn streng no, men för bruka dei röttegar av björk. Det er det slutt med for lenge (30-40 år) sidan på dei fleste gardar.

9.) Han for brukte belte kring livet, som slirekniven hang i. So stakk han enden av stuttorvet ned med beltet, tok med venstre handa tare kring „hankjen" på ljåen, og förde so

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 8172

brynet med högre handa att og fram langs egga. Slik har du seg at altid för i tida, karfolka. Ho mor og kvinfolka du heldt overenden av orvet fast med å setja föten i kors. Du kasta den eine foten over den andre og heldt solis orvet millom låra. Du karfolk som inkje hadde ~~tukt~~ betre stenn berre orvet ned med kronlinningen, og det er vel det vanlege no og. Elles so er det jamt slutt med all handslått no snart her, i mange av bygdene. Det som inkje traktorn eller slåmaskiina når i å slå det får ofte stå uslege.

Når vi skulle bryne langorvem sette vi altid enden av orvet ned i marka. Og altid snudde odden av ljåen ifrå den som bryna. Dette siste gjeldt både for stuttorv og langorv. Same åtferda er det no og, med du som brukar ljå.

10.) Det er berre so vidt eg kan minnast at far bruka brynekopp her på vår gard. Det er minst 60 år sidan vi brukte det. Men på mange andre staden i bygda har det nok vore i bruk mykje seinare, særleg der du hadde mykje småslått. Det vart etterkvart meir og meir vanleg berre å spretta på brynet. Og då bar vi kvar sine bryne med oss lause i handa eller i buksalomma. Brynekopp kallte det her og du bar han etter eit handtak. Oftast var det eit ~~lite~~ lite lagga tre-kjerald, der eine staven var lenger enn du andre og forma til tak for handa. Du bruka denne koppen ogso til å gi kalvane drikke i.

8172

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

11.)12). Eg er ikkje sikker på om eg har sett dette som det her spörst etter. Eg tykkjer eg minnest at eg har sett det ein gong i barnsåra men eg kan ikkje seia kva det var laga av eller korleis dei bar det. Ingen av dei eg har snakka med om dette og som er eldre enn eg kan fortelja noko sikkert om det. Men det er truleg at det vart ~~bore~~ festa i beltet og var laga heilt av tre og bore bak. Men skafta som dei sette små bryne oppi kunne vera både av horn og tre.

13.) Stundom fuktar vi kunstbryna og, med spytt eller vatn, men for det meste brukar vi dei turre. Natursteinen brukte vi altid å væta. Då fenn vi det beste bitet. Å bruka olje, sand eller tjöru er ukjendt her. Likeins trebryner.

14). Vi kallar det „brynegor“ og „slipsteingor“. (uttalen av o som i ordet „godt“)

15).16). Nei det er ikkje kjendt her. Derimot vart det i gamalle tid ofte brukt som pussemiddel på knivar og liknande og til å ta vekk rustflekker.

17.). Eg har ikkje höyrt denne måten pröva med bryna, men med slipesteinen skal det vera ei god råd når han var for hard. Men ikkje i ei maurtuve, men i jorda.

18-19-20.) Nei diverre, noko slikt har eg ikkje kome over her hjå oss. Og ikkje minnest eg noko av dette frå min eigen barndom.



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING